



Høgskolen i **Hedmark**
Campus Rena

STUDIEPLAN

Bachelor i rekneskapsførarfag

180 studiepoeng

Studieplanen er godkjent/revidert: 04.11.08
Studiet er etablert av Høgskolestyret: 15.11.05

A. Overordna omtale av studiet

1. Innleiing

Bachelor i rekneskapsførarfag er eit treårig studium for personar som ynskjer å arbeide innan rekneskapsavdelingar eller som ynskjer å etablere seg som sjølvstendig rekneskapsførarar. Høgskulen i Hedmark, avdeling for økonomi, samfunnsfag og informatikk, ynskjer på denne måten å vidareføre eit tilbod til desse personane ut frå dei skjerpde krava til teoretisk bakgrunn som Kredittilsynet stiller. Studiet tilfredstiller krava som vert stilt i §1-1 i forskrift om autorisasjon av rekneskapsførarar m. v.

Studiet inneheld ein anbefala emneportefølje frå Nasjonalt Råd for økonomiske administrative studiar på om lag 90 obligatoriske studiepoeng. Denne standaren definerar ein felles fagleg plattform som gjev økonomi- og administrasjonsutdanningar eit felles fagleg grunnlag.

I tillegg er det frå Kredittilsynet stilt krav om at 60 studiepoeng i rekneskapsførarutdanninga skal bestå av vidareføringsemna/profilering innan finansregnskap, skatte- og avgiftsrett og rettslære. 30 studiepoeng skal vere knytta til økonomisk- og administrative fag utover dette.

Studiet vert tilbydd som eit vanleg studium på Rena. Det vil og kunne verte gjeve som eit desentralt studium til både vanlege studentar og til kursstudentar som betalingsstudium.

2. Læringsmål

Kandidatar som har fullført denne utdanninga skal ha tileigna seg eit solid grunnlag innan økonomisk-/administrative basisfag og bedriftsøkonomiske fag. Kandidatane kan rekneskapsreglar, bokføringsreglar og skatte- og avgiftsreglar. Dei vil ha gode kunnskarar innan rettslære. Kandidatane har og vore gjennom eit fullstendig årsoppgjer, og kan reglene om god rekneskapskikk, god rekneskapsføringsskikk, og dessutan kjenner til regelverket om kvitvasking og etiske norma innan fagområdet. I tillegg har kandidatane tileigna seg kunnskarar om arbeidsmiljølova og ferielova. I løpet av studiet har kandidatane tileigna seg kunnskarar som gjer dei veileigna som samtalepartner eller konsulentar for bedriftseigarar.

3. Målgruppe

Målgruppa er personar som ynskjer ein brukerretta og brei utdanning innan fagområda rekneskap, økonomi og dessutan administrasjon. Studiet er tiltenkt dei som skal arbeide med rekneskap og som ynskjer å verte registrert rekneskapsførar.

4. Opptakskrav

Opptakskrav er generell studiekompetanse eller realkompetanse på tilsvarende nivå.

5. Studiets varighet, omfang og nivå

Studiet har 180 studiepoeng og er normera til tre år som grunnutdanning på heiltid. Fullført studium gir rett til bachelorgrad med tittelen "Bachelor i rekneskapsførarfag".

6. Kompetanse

Studiet skal gi ein yrkeskompetanse innan fagområdet. Fullført studium tilfredsstillar, saman med godkjent praksis, kravet for å kunne få autorisasjon som sjølvstendig rekneskapsførar.

Uteksaminerte kandidatar vil vere kvalifisera for ulike oppgåver og jobbar, særleg innan det private næringslivet. Særleg innan økonomi- og rekneskapsområdet vil kandidatane ha høg kompetanse.

Kandidatane vil vidare ha tileigna seg kompetanse for bedriftsrådgivningsverksemd og vil vere i stand til å etablere egne verksemdar.

Studiet ligg nært opp til emnesamansetninga som krevjast for å få tittelen Bachelor i revisjonsfag. Ved å oppfylle visse karakterkrav, og dessutan ta dei få ekstra emna som krevjast innan revisjonsstudiet, vil kandidaten kunne gå vidare og ta den nødvendige teoriutdanninga som krevjast for å bli statsautorisert revisor.

7. Informasjonskompetanse

Informasjonskompetanse inneber at studentane skal tileigne seg kunnskap for når det er behov for informasjon, og å kunne lokalisere, evaluere og effektivt nyttiggjere seg informasjon i eigen læring og forskning. Det vert halde kurs i Kilder og kildebruk ved studiestart. Studentane vert anbefalte å nytta det sjølvinstruerande informasjonskompetansekurset, VIKO, til Noregs teknisknaturvitenskapelege universitet, som ligg tilgjengeleg for fri bruk på <http://www.ub.ntnu.no/viko/start.php>.

I emnet *datahandtering med samfunnsvitenskapelege metodar* får studentane innføring i informasjonssøk og vurdering av kilder.

8. Innhold, oppbygging og sammensetning av studiet.

Emnesamansetninga til studiet og progresjon framgjeng av figuren nedenfor. Når det gjelder innholdet i emna, arbeids- og evalueringsformer, vert det henvist til omtalen av det enkelte emne.

1.studieår		2.studieår		3.studieår	
Grunnleggende bedriftsøkonomisk analyse 3ØB116 7,5 sp	Grunnleggende matematikk 3MA120 5 sp	Grunnleggende statistikk 3MA525 5 sp	Skatterett til revisoreksamen 3ØJ552 20 sp		
Datahandtering m/samf. metode 3ØD115 10 sp	Mikroøkonomi 1 3ØB645 7,5 sp	Invest/finans 3ØB420 5 sp	Foretaksstrategi 3ØR355 10 sp	Regnskapsteori 3ØR252 5 sp	
	Finansregnskap m/analyse 3ØR150 5 sp	Etikk 3ØR215 5 sp		Bransjekunnskap 3ØR300 15 sp	
Grl. org.fag 3SA122 5 sp	Markedsføring 3ØM100 5 sp	Rettslære til revisoreksamen 3ØJ212 15 sp			
Grunnleggende regnskap 3ØR136 7,5 sp	Driftsregnskap og budsjettering 3ØB250 5 sp	Makroøkonomi 3ØB625 7,5 sp	Finansregnskap m/årsoppgjør 3ØR452 5 sp	Årsoppgjør m/ god regnskapsskikk 3ØR485 15 sp	
			Regnskapsorg. 3ØR302 5 sp	Arbeidsrett 3SJ325 5 sp	
	Videreg. orgfag 3ØA200 5 sp				
30	27,5	30	32,5	35	25

Studiet inneheld 180 studiepoeng. Studiet følger anbefalinga frå Nasjonalt råd for økonomisk-administrative utdanningar (NRØA) for oppbygginga av bachelorutdanning i økonomi og administrasjon, og inneheld dei 90 obligatoriske studiepoenga som inngjeng i den anbefala planen. Dette er emner innan bedriftsøkonomisk analyse, administrasjonsfag, samfunnsøkonomi og metode.

9. Internasjonalisering

Ein ser det ikkje som føremålstjeneleg å legge opp til eit utanlandsopphald i dette studiet. Grunnen er at studentane skal lære om norske forhold. Det er og innslag av utenlandske lovar og reglar, men dette innslaget er ikkje stort nok til at det forsvara utanlandsopphald. Kandidatane skal arbeide i Noreg med norske forhold for norske bedrifter, dette gjer at studentane bør ta emna i Noreg.

10 Undervisnings- og læringsformer

Undervisninga vil i stor grad verte basera på forelesingar, i tillegg til oppgåveløysning. Det vil dessutan bli lagt stor vekt på studentane sitt eige arbeid og sjølvstudium. Det vil heile tida verte dratt inn eksemplar frå rekneskapsførerbransjen og cases som illustrerar teorien. Studentane vil arbeide med praktiske oppgåver henta frå rekneskapsbyrå.

11. Vurderingsformer

Vurderingsformene som vert nytta i studiet er skriftleg individuell eksamen, mappevurdering og prosjektarbeid. Dei ulike vurderingsformene framgjeng av den enkelte omtala av emna. Det vert forutsatt at alle deleksamnar må vere bestått for at emnet skal verte vurdert til bestått. Om ikkje anna er oppgjeve, vert det nytta graderte karakterar, A-F, der E er lavast beståtte karakter.

11 Litteraturliste

Det er forbehold om endringar i pensumlitteraturen.

Arbeidsrett

Engelsrud, G. (2006). *Styring og vern : arbeidsrett i kommuner og fylkeskommuner* (3. utg.). Oslo: Cappelen akademisk forl. ISBN 978-82-02-24855-0.

Bransjekunnskap

Hanne Opsahl, Roy Kristensen og Knut Høylye: *God regnskapsføringsskikk*, Gyldendal Akademisk, utkommer ved årsskiftet 2008/2009

Daldata AS: *Duett Windows, programvare for administrative rutiner*, brukermanual

Standardene for god regnskapsføringsskikk (GRFS 0, 1, 2 og 3)

Lov om bokføring

Lov om tiltak mot hvitvasking av utbytte fra straffbare handlinger mv (hvitvaskingsloven)

Forskrift om tiltak mot hvitvasking av utbytte fra straffbare handlinger mv.

Lov om årsregnskap mv. (regnskapsloven)

Lov om aksjeselskaper (aksjeloven)

Lov om ansvarlige selskaper og kommandittselskaper (selskapsloven)

Lov om autorisasjon av regnskapsførere

Forskrift om autorisasjon av regnskapsførere m.v.

Lov om bokføring

Lov om registrering av foretak

Lov om enerett til foretaksnavn og andre forretningskjennetegn mv.

Etikk

Crane, A. & Matten, D. (2007). *Business ethics managing corporate citizenship and sustainability in the age of globalization* (2nd ed.). Oxford : Oxford University Press, ISBN 978-0-19-928499-3

Carson, S. G. & Kosberg, N. (2003). *Etisk forretning bedriftens samfunnsansvar*. Oslo: Capellen Akademisk. ISBN 978-82-02-21824-9

Kvalnes, Ø. (2008). *Se gorillaen, etikk for næringslivet* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget. ISBN 978-82-15-01356-5

Grunnleggende bedriftsøkonomisk analyse

Hoff, K. G. (2005). *Grunnleggende bedriftsøkonomisk analyse* (5. utg.). Oslo: Universitetsforl. ISBN 82-15-00777-5, 978-82-15-00777-9

Hoff, K. G. & Hoff, J. E. (2005). *Grunnleggende bedriftsøkonomisk analyse : oppgaver og løsningsforslag* (3.utg.). Oslo: Universitetsforlaget. ISBN 82-15-00778-3.

Datahåndtering med samfunnsvitenskapelig metode

Frye, C. (2004). *Microsoft Office Excel 2003 : trinn for trinn*. Oslo: IDG Norge Books. ISBN 82-7772-261-3.

Driftsregnskap og budsjettering

Sending, A., Tangenes, T., & Gjønnnes, S. H. (2007). *Driftsregnskap og budsjettering, økonomi- og virksomhetsstyring* (2. utg.). Bergen: Fagbokforl. ISBN 978-82-450-0523-3. (Kap 1-5, 8, 9, 11, 12, 13, 15 og 17)

Anbefalt litteratur:

Sending, A., Tangenes, T., & Gjønnnes, S. H. (2008) *Arbeidshefte til Driftsregnskap og budsjettering, økonomi- og virksomhetsstyring* (5. utg.). Bergen: Fagbokforl. ISBN 978-82-450-0699-5

Finansregnskap med analyse

Fladstad, H. N., & Tofteland, A. (2006). *Finansregnskap : vurdering og analyse* (2. utg. ed.). Bergen: Fagbokforl. ISBN 82-450-0411-1 978-82-450-0411-3

Fladstad, H. N., & Tofteland, A. (2006). *Finansregnskap : vurdering og analyse, Oppgavesamling* (2. utg. ed.). Bergen: Fagbokforl. ISBN 82-450-0413-8

Foretaksstrategi

Løwendahl, B. R., Wenstøp, F., & Fjeldstad, Ø. D. (2003). *Grunnbok i strategi* (2. utg. utg.). [Oslo]: Damm. ISBN 82-04-08603-2, 978-82-04-08603-7.

Grunnleggende matematikk

K. Sydsæter: Matematisk analyse, Bind 1, 7. utgave, Gyldendal Akademisk, 2000.

Grunnleggende organisasjonsfag

Jacobsen, D. I., & Thorsvik, J. (2007). *Hvordan organisasjoner fungerer : innføring i organisasjon og ledelse* (3. utg.). Bergen: Fagbokforl. ISBN 978-82-450-0517-2

Grunnleggende regnskap

Sending, A. (2005). *Grunnleggende regnskap* (2. utg.). Bergen: Fagbokforl. ISBN 82-450-0347-6

Grunnleggende statistikk

Jan Ubøe/Kjell Jørgensen: Statistikk for økonomifag, Gyldendal, 1. utg. 2004.

Investering og finansiering

Bøhren, Ø., & Gjørnum, P. I. (1999). *Prosjektanalyse* (2. utg.). [Oslo] Bergen: Skarvet forl. Distribusjon: Fagbokforl. ISBN 82-992405-6-5. Kap. 4-7, 9-13

Markedsføring

Kotler, P., & Fredriksen, J. I. (2005). *Markedsføringsledelse* (3. utg. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk. ISBN 82-05-31582-5.

Makroøkonomi

Vale, P. H. (2007). *Makroøkonomi : har vi kontroll med utviklingen?* (2. utg. utg.). Oslo: Abstrakt forl. ISBN 82-7935-236-5. Kap. 1-18, 20 og 22.

339.5 Va

Norske finansmarkeder : pengepolitikk og finansiell stabilitet. (2004). Oslo: Norges bank. ISBN 82-05-33771-3. Norges Banks Skriftserie nr. 34. Finnes også på www.norges-bank.no
Kap. 2, 3 og 7.

Mikroøkonomi

Pindyck & Rubinfeld. 2008. Seventh edition. Prentice Hall. Kap. 1-4, 6-10, 16 og 18
NOU 1998:16 Nytte-kostnadsanalyse. Finans- og tolldepartementet

Regnskapsorganisasjon

Moen, T.-G., & Havstein, B. (2005). *Regnskapsorganisasjon : bokføring og intern kontroll* (4. utg. utg.). Oslo: Cappelen akademisk forl. ISBN 82-02-23702-5, 978-82-02-23702-8.

Moen, T.-G., & Havstein, B. (2005). *Oppgavesamling*. Oslo: Cappelen akademisk. ISBN 82-02-23814-5.

Aktuelle lover og forskrifter

Regnskapsteori

Lundesgaard, J. (2008). *Regnskapsteori : informasjonsinnhold, reguleringsbehov og reguleringsregimer ; [foreløpige notater]*. Rena: Høgskolen i Hedmark

Rettslære til revisoreksamen

Gundersen, F. F., Bråthen, T., & Langfeldt, S. F. (2004). *Lov og rett for næringslivet* (11. utg.). Oslo: Universitetsforl. : Focus forl

Skatterett til revisoreksamen

Brudvik, A. J., & Vårdal, L. (2007). *Skatterett for næringsdrivende* (30. utg.). Oslo: Cappelen akademisk forl. ISBN 82-02-26787-0, 978-82-02-26787-2

Videregående organisasjonsfag

Pensum hentes fra Institutt for samfunnsfag (Dette er halve kurset i personalledelse og kompetanseutvikling)

Årsoppgjør med god regnskapsskikk

Fladstad, H. N., Tofteland, A., Kvifte, S. S., & Den Norske revisorforening. (2002). *Årsregnskap og god regnskapsskikk : oppgavesamling med løsninger* (2. utg.). Oslo: Den norske revisorforening. ISBN 82-7082-163-2.

Den norske revisorforening

Revisors håndbok. Oslo, Den norske revisorforening. 2007/2008.

Årsregnskapet i teori og praksis. Oslo, Gyldendal. Skrevet av: Jens Erik Huneide ... [et al.]. 2007.

12 Emneomtaler

3ØB116 Grunnleggende bedriftsøkonomisk analyse

Studiepoeng: 7,5

Semester: Haust

Språk: Norsk

Læringsmål: Studentane skal ha tileigna seg dei første og nødvendige grunnleggande kunnskarar i bedriftsøkonomisk teori og metode og dessutan ein oversikt over funksjonane i føretaket som økonomisk eining.

Innhald: Hovudvekta av emnet vert lagt på å øve inn bedriftsøkonomisk tankegang. Emnet skal vere generelt og anvendeleg for alle bransjar. Vidare gjeng ein inn på bedrifta og bedrifta sin plass i det økonomiske system, økonomifunksjonen si rolle og plass i bedrifta, enkle investeringskalkylar, kostnads- og inntektsteori, tilpassingar under ulike marknadsformar, Kalkulasjon og driftsrekneskap, Kostnads-, resultat- og volumanalyse, Optimalisering under restriksjonar.

Organisering: Forelesingar og oppgåveløysning.

Krav til forkunnskarar: Ingen.

Obligatoriske krav som må vere godkjent før ein kan avlegge eksamen: Ein individuell praktisk rekneoppgåve må vere godkjent.

Vurdering: Skrifteleg individuell eksamen i fire timar.

Fagleg ansvar: Avdeling for økonomi, samfunnsfag og informatikk.

3ØD115 Datahandtering med samfunnsvitenskapelige metoder

Studiepoeng: 10

Semester: Haust

Språk: Norsk

Læringsmål: Studentane skal ha tileigna seg ein forståing for og praktisk kunnskap i innhenting og handtering av data. Studentane skal klare å bruke datateknologi i dette arbeidet. Studentane skal og ha opparbeida seg kompetanse knytta til å samle inn, handtere, tolke og presentere informasjon, lære å utvikle problemstillingar, formulere seg skrifteleg og bygge opp rapportar med ulike formelle krav.

Innhald: Datahandtering: Utvikling av webbaserte spørjeskjema mot databasar. Bygging av modellar i rekneark, her under; modellbegrepet, strukturering av modellar, analyse og datahandtering. Datamodellering, her under: utforming og bygging av databasar, framhenting av data frå databasar, søking i fritekst databasar. Samfunnsvitenskapelig metode: Kvalitative og til ein viss grad kvantitative metodar vert gjennomgått. Sentrale tema vil vere: problemutforming, rapportdesign, kunnskapsinnhenting (informasjonssøk), handtering, analyse, og tolking av data.

Organisering og arbeidsformar: Forelesingar, øvingar, gruppearbeid og sjølvstendig arbeid.

Krav til forkunnskarar: Ingen

Obligatoriske krav som må vere godkjent før ein kan avlegge eksamen: Ingen.

Vurdering: Mappeevaluering med fire innleveringar, to individuelle og to gruppearbeid. Mappa vert vurdert til bestått/ikkje bestått.

Fagleg ansvar: Avdeling for økonomi, samfunnsfag og informatikk.

3ØB250 Driftsrekneskap og budsjettering

Studiepoeng: 5

Semester: Vår

Språk: Norsk

Læringsmål: Studentane skal ha tileigna seg kunnskap slik at dei vert i stand til å sette opp budsjetta for eit føretak. Vidare skal dei vere i stand til å legge opp eit system for oppfølging og kontroll ved hjelp av driftsrekneskapet.

Innhald: Ein er spesielt opptatt av standardkostrekneskap, budsjettering og budsjetteringsprosess med ein særleg vekt på likviditetsbudsjettering. I emnet spelar ein rekke stiliserte praksisnære "caser" ei sentral rolle. Det vert lagt vekt på praksisorienterte ferdigheter.

Organisering og arbeidsformar: Undervisning og oppgåveløysing.

Krav til forkunnskarar: Ingen.

Obligatoriske krav som må vere godkjent før ein kan avlegge eksamen: Ingen.
Vurdering: Skriftlig, individuell eksamen i fire timar.
Fagleg ansvar: Avdeling for økonomi, samfunnsfag og informatikk.

3ØR150 Finansregnskap med analyse

Studiepoeng: 5

Semester: Vår

Språk: Norsk

Læringsmål: Studentane skal ha tileigna seg ein grunnleggande innsikt i finansregnskapets oppbygging og rammevilkår, ein forståing for og nødvendige kunnskarar i å behandle sentrale regnskapsmessige måleproblem, og utarbeide kontantstrømoppstilling og foreta regnskapsanalyse. Dei skal og ha tileigna seg kunnskap på innføringsnivå om verdivurdering av selskap.

Innhald: Krav til regnskapet, regnskapet som informasjonskilde, oppstillingsplanen for regnskapet, regnskapsprinsipp og god regnskapsskikk, lover og regler knytta til verdsetjing av eigendelar og gjeld, inntekter og kostnader, kontantstrøm- oppstillingen, samanhengen mellom regnskap og skatt, regnskapsanalyse og nøkkeltallsanalyse av lønnsemd, likviditet, finansiering og soliditet, miljøregnskap, internasjonal regnskapsrapportering

Organisering og arbeidsform: Undervisning og oppgåveregning.

Obligatoriske krav som må vere godkjent før ein kan avlegge eksamen: Ingen.

Krav til forkunnskarar: Ingen

Vurdering: Individuell skriftleg eksamen i fire timar.

Fagleg ansvar: Avdeling for økonomi, samfunnsfag og informatikk

3ØR355 Føretaksstrategi

Studiepoeng: 10

Semester: Vår

Språk: Norsk

Læringsmål: Studentane skal ha tileigna seg begrepsapparatet innan føretaksstrategi, opparbeida seg innsikt i den strategiske leiingsprosessen, og dessutan i aktuelle strategiske moglegheiter (generiske strategiar). Dei skal og ha tileigna seg bransjeinnsikt ved gjennomgang/ presentasjon av eksempel frå bransjar/bedrifter.

Innhald: Emnet vil gjennom eksempla verte tilpassa dei enkelte studia si spesialisering. Emnet skal belyse samanhengen i dei andre emna i studiet, altså verke som ein overbygning. Dette vil danne eit grunnlag for generelt å øve opp til strategisk tenking.

Organisering og arbeidsformar: Forelesingar og oppgåveløysingar.

Krav til forkunnskarar: 3ØM100 Marknadsføring og 3SA122 Grunnleggande organisasjonsfag eller tilsvarande.

Obligatoriske krav som må vere godkjent før ein kan avlegge eksamen: Kontrollleksamen som må vere bestått for at prosjektoppgåva skal bli vurdert.

Vurdering: Prosjektarbeid i grupper.

Fagleg ansvar: Avdeling for økonomi, samfunnsfag og informatikk.

3SA120 Grunnleggande matematikk

Studiepoeng: 5

Semester: Vår

Språk: Norsk

Læringsmål: Studenten skal ha tileigna seg kunnskarar i matematikk som skal kunne verte brukt i problemstillingar innan bedrifts- og samfunnsøkonomi. Studentane si evne til logisk og analytisk tenking skal oppøvast.

Innhald: Elementær algebra, funksjonar i ein variabel, derivasjon og funksjonsanalyse: derivasjonsreglar, kjerneregul, elastisitetberegningar, bruk av derivasjon: Maksimums- og minimumsproblem, funksjonsdrøfting, eksponential og logaritme-funksjonen: naturleg logaritme,

kontinuerlig forrenting, derivasjon og drøfting av eksponential- og logaritmefunksjonar, geometriske rekker, finansmatematikk, funksjonar av fleire variable. Maksimums- og minimums- problem for to variablar, enkel integralregning: Areal under kurver og det bestemte integral som kan verte tilpassa økonomiske problemstillingar

Organisering og arbeidsformer: Forelesingar og oppgåveløysning.

Krav til forkunnskapar: Ingen.

Obligatoriske krav som må vere godkjent før ein kan avlegge eksamen: Ingen.

Vurdering: Individuell skriftleg eksamen i fire timar.

Fagleg ansvar: Avdeling for økonomi, samfunnsfag og informatikk.

3SA122 Grunnleggande organisasjonsfag

Studiepoeng: 5

Semester: Haust

Språk: Norsk

Læringsmål: Studentane skal ha tileigna seg kunnskap på innføringsnivå i korleis organisasjonar fungerer, og korleis menneske påverkar og vert påverka av organisasjonar som dei arbeida og samspekar i. Studentane skal ha tileigna seg grunnleggande teoretisk kunnskap om og overblikk over sentrale organisasjonsteoretiske og organisasjonspsykologiske tema, og dessutan praktisk innsikt i sentrale strukturar og prosessar i og mellom organisasjonar som påverkar og regulerar organisasjonsåtfærd.

Innhald: Historikk og utviklingstrekk (globalisering, fokusering, e-handel mm), organisasjonsteoretiske perspektiv, organisasjonsstruktur (formell og uformell), organisasjonsformar og -design organisasjonskultur, organisasjonen og omgivnadene til organisasjonen, avhengighet og strategi, interessentar og makt - medverknad, harmoni- og konfliktområde, grunnleggande prosessar som målsettingar, beslutningar, informasjon og kommunikasjon, leing og leiarskapsteoriar, intellektuell kapital, mellommenneskelege relasjonar - kognitive og sosiale prosessar, motivasjon, læring på individ- og organisasjonsnivå.

Organisering og arbeidsformer: Forelesingar, gruppeseminar, rettleiing.

Krav til forkunnskapar: Ingen.

Obligatoriske krav som må vere godkjent før ein kan avlegge eksamen: Det vil vere obligatoriske arbeidskrav undervegs i emnet – dette vert det opplyst om seinast ved studiestart

Vurdering: Individuell skriftleg eksamen i fire timar.

Fagleg ansvar: Avdeling for økonomi, samfunnsfag og informatikk.

3ØR136 Grunnleggande rekneskap

Studiepoeng: 7,5

Semester: Haust

Språk: Norsk

Læringsmål: Studentane skal ha tileigna seg grunnleggande kunnskapar om finansregnskapet og føringa av dette, forståing av begrepa utgifter, kostnader, utbetalingar, inntekter og innbetalingar og dessutan beholdningar. Dei skal kunne foreta ordinære årsoppgjersposterar og disponering av overskudd.

Innhald: Oppbygging av regnskapet, standard kontoramme og -plan, krav til dokumentasjon og oppbevaring, registrering av forretningstransaksjonar, mva., arbeidsgivaravgift, skattetrekk og skattebetaling, transaksjonsprinsippet, sammenstillingsprinsippet og andre grunnleggande regnskapsprinsipp, avskrivningar, andre periodiseringar og avsetningar, generelle verddivurderingsreglar for omløpsmidlar og anleggsmidlar og dessutan presentasjon av resultat og balanse etter regnskapslova. Kurset omfattar og ulike selskapsformer med regnskapsmessige forskjellar og ulike former for beskatning. Regnskapsanalyse og intern kontroll inngjeng som ein del av stoffet. Lovomgrep innan regnskap og bokføring vert og gjennomgått.

Organisering og arbeidsformer: Førelingar, oppgåveløysning og rettleiing.

Krav til forkunnskapar: Ingen.

Obligatoriske krav som må vere godkjent før ein kan avlegge eksamen: Det vil vere obligatoriske arbeidskrav undervegs i emnet – dette vert det opplyst om seinast ved studiestart

Vurdering: Individuell skriftleg eksamen i fire timar.

Fagleg ansvar: Avdeling for økonomi, samfunnsfag og informatikk.

3MA525 Grunnleggande statistikk

Studiepoeng: 5

Semester: Haust

Språk: Norsk

Læringsmål: Studenten skal ha tileigna seg grunnleggande kunnskapar i sannsynleghetsregning og statistikk, og særleg kunnskap om bruk av statistiske metodar innan emneområdet bedrifts- og samfunnsøkonomi. Studenten skal ved oppgåveregning opparbeide seg innsikt og trening i bruk av viktige statistiske metodar.

Innhald: Beskrivande statistikk, sannsynleghetsbegrepet, sannsynleghetsmodellar, regning med sannsynlegheter, betinga sannsynlegheter, diskre tilfeldige variablar. Beregning av forventning og varians, kontinuerlige tilfeldige variablar: Normalfordeling/-normaltilnærming, t-fordeling, m.m., fleire tilfeldige variablar. Simultan sannsynleghetsfordeling: Beregning av forventning, varians og kovarians, estimering: Punktestimering og intervallestimering, hypotesetesting: Hypotesar, signifikansnivå, testmetode, hypotesetest i målemodell og binomisk modell, bestemme nødvendig antal observasjonar i binomisk modell, enkel korrelasjons- og regresjonsanalyse:

Organisering og arbeidsformar: Forelesingar, oppgåveløysning og rettleiing.

Krav til forkunnskapar: Ingen.

Obligatoriske krav som må vere godkjent før ein kan avlegge eksamen: Ingen.

Vurdering: Individuell skriftleg eksamen i fire timar.

Fagleg ansvar: Avdeling for økonomi, samfunnsfag og informatikk.

3ØB640 Investering og finansiering

Studiepoeng: 5

Semester: Haust

Språk: Norsk

Læringsmål: Studentane skal ha tileigna seg en grunnleggande forståing for både kvalitative og kvantitative problem innan investerings- og finansieringsbeslutnadar til føretaket. Dei skal ha tilegna seg ei forståing for faget sine grunnleggande føresetnadar og skal kunne angi eit riktig fundament for metodar og vurderingar i faget.

Innhald: Føresetnadar og fundament innan investering og finansiering, berekning av beslutnadsrelevant kontantstrøm inkl. arbeidskapitaleffekt, korrekte verdivurderingsmetodar, renteregning/finansmatematikk, investeringsanalysar, økonomisk levetid og utskiftningsanalysar, skattens og prisstigninga si innverknad på kontantstrømmer, risikovurdering, porteføljeteori og kapitalverdimodellen, finansieringskilder.

Organisering og arbeidsformar: Forelesingar, oppgåveløysning og rettleiing.

Krav til forkunnskapar: Ingen.

Obligatoriske krav som må vere godkjent før ein kan avlegge eksamen: Det vil vere obligatoriske arbeidskrav undervegs i emnet – dette vert det opplyst om seinast ved studiestart.

Vurdering: Individuell skriftleg eksamen i fire timar.

Fagleg ansvar: Avdeling for økonomi, samfunnsfag og informatikk.

3ØB625 Makroøkonomi

Studiepoeng: 7,5

Semester: Haust

Språk: Norsk

Læringsmål: Studentane skal ha tileigna seg innsikt i korleis ein vurderar eit land sin økonomiske tilstand og utviklingstendensar, og dessutan årsaka til og verknadene av konjunktursvingningar på kort sikt. Studentane skal og ha tileigna seg kunnskap om verknaden av penge- og finanspolitikk. Studentane skal ha opparbeida seg kunnskap om grunnleggande makroøkonomisk teori slik at dei skal kunne følgje med i den offentlige debatten på området, og dessutan vurdere betydinga av makroøkonomiske forhold sett frå ein bedrift sitt perspektiv.

Innhald: Nasjonalregnskap, strukturell arbeidsløyse, inflasjon, renter, valuta, konjunkturmodellar og verknaden av finans- og pengepolitikk (enkel multiplikatormodell for både lukka og open økonomi, IS-LM, Mundell-Fleming, samt AS-AD eller modell for optimal pengepolitikk med inflasjonsmål), finansiell stabilitet og økonomisk vekst.

Organisering og arbeidsformar: Forelesing og oppgaveseminar.

Krav til forkunnskapar: Ingen

Obligatoriske krav som må vere godkjent før ein kan avlegge eksamen: Det vil vere ein skriftleg obligatorisk oppgåve undervegs i emnet. Oppgåva skal løysast i grupper. Studentane er sjølv ansvarlege for å danne grupper.

Vurderingsordning: Individuell skriftleg eksamen i fire timar.

Tillatt hjelpemiddel til eksamen: kalkulator

Fagleg ansvar: Avdeling for økonomi, samfunnsfag og informatikk.

3ØM100 Marknadsføring

Studiepoeng: 5

Semester: Vår

Språk: Norsk

Læringsmål: Studentane skal ha tileigna seg sentrale problemstillingar og metodar i marknadsføringa. Studentane skal ha tileigna seg noko bransjeinnsikt ved gjennomgang/ presentasjon av eksemplar frå bransjar og bedrifter, herunder ein grunnleggande forståing for virkeområda til marknadsføringa, slik at studentane kan delta i løysning av enkle marknadsføringsproblem i praksis.

Innhald: Det sentrale temaet til emnet er marknadsføringa sine oppgåver og marknadsføringsleiing. Etter ein introduksjon om den grunnleggande historiske utvikling av marknadsføringa og definisjonar og begrep vil ein behandle emner som marknadsføringa si strategiske forankring, kjøpsatferd i forbruker- og bedriftsvaremarknader (behov, ønskjer, krav og etterspørsel), segmentering, marknadsanalyser og prognosar, relasjons- og dialogmarknadsføring, tjenestemarknadsføring og servicekvalitet, etikk, miljø og samfunnsansvar.

Organisering og arbeidsformer: Forelesingar og oppgaveløysning.

Krav til forkunnskapar: Ingen.

Obligatoriske krav som må vere godkjent før man kan avlegge eksamen: Ingen.

Vurdering: Individuell skriftleg eksamen i fire timar.

Fagleg ansvar: Avdeling for økonomi, samfunnsfag og informatikk.

3ØB645 Mikroøkonomi 1

Studiepoeng: 7,5

Semester: Vår

Språk: Norsk

Læringsmål: Studentane skal ha tileigna seg kunnskap om grunnleggande mikro- og marknadsteori, innsikt i korleis ein kan beskrive og analysere enkeltaktørar sin økonomiske tilpasning og samspillet mellom desse under ulike marknadsformar. Dei skal ha opparbeida seg ein forståing for føresetnadane for at frie marknad skal gi eit samfunnsøkonomisk effektivt resultat, kvifor marknader kan svikte og grunngevingar for og verknader av offentleg inngrep i økonomien. Dei skal og ha opparbeida seg innsikt i kvifor og korleis ein gjennomfører samfunnsøkonomiske analyser i samband med offentlege reformer og prosjekt. Studentane skal kunne beherske både grafisk og matematisk analyseapparat og kunne bruke analyseapparatet til å drøfte brukte problemstillingar.

Innhald: Produksjonsteori, konsumentteori, fullkommen konkurranse, generell likevekt, monopol, monopsoni, verknader av skatt/subsidier, verknaden av minstepris og kvoter, kollektive godar, eksterne verknader og nytte-kostnadsanalyse.

Organisering og arbeidsformer: Førelæring, oppgaveseminar og sjølvstudium.

Krav til forkunnskap: Ingen.

Obligatoriske krav som må vere godkjent før ein kan avlegge eksamen: Det vil vere ein skriftleg obligatorisk oppgåve undervegs i emnet. Oppgåva skal løysast i grupper. Studentane er sjølv ansvarlege for å danne grupper.

Vurderingsordning: Individuell skriftleg eksamen i fire timar.

Tillate hjelpemiddel til eksamen: kalkulator

Fagleg ansvar: Avdeling for økonomi, samfunnsfag og informatikk

3ØA200 Vidaregåande organisasjonsfag

Studiepoeng: 5

Semester: Vår

Språk: Norsk

Læringsmål: Studentane skal ha tileigna seg grunnleggande teoridanning, prinsipp og arbeidsformar innan personal- og kompetanseleiing. Vidare innsikt i korleis emnar i personal- og kompetanse kan verte organisert til å verte ein strategisk ressurs i bedrifter, forvaltning og tenesteytande verksemdar.

Innhald: Verksemdsidé, strategi og personalpolitikk. Sentrale leiingsoppgåver innan strategisk personaleiing. Strategisk kompetansestyring som prosess. Kompetanseutvikling og læring.

Kompetanseplanlegging og kompetansetiltak (rekruttering, kompetanseutvikling og mobilisering)

Organisering og arbeidsform: Føreløsingar og rettleiing.

Krav til forkunnskapar: Ingen

Obligatoriske krav som må vere godkjent før ein kan avlegge eksamen: Det vil vere obligatoriske oppgåver i løpet av emnet.

Vurdering: Individuell skriftleg eksamen i fire timar.

Fagleg ansvar: Avdeling for økonomi, samfunnsfag og informatikk.

3ØJ212 Rettslære til revisoreksamen

Studiepoeng: 15

Semester: Haust og vår

Språk: Norsk

Læringsmål: Studentane skal ha tileigna seg juridisk metode og generelle privatrettslege og utvalde offentlegrettslege emnar og problemstillingar på innføringsnivå. Studentane skal ha tileigna seg innsikt i dei alminnelege rettslege rammer for utøving av privat og offentleg verksemd. Studentane skal ytterligare ha tileigna seg gode kunnskapar om dei rettsreglar som er av særleg betydning for utøving av privat næringsverksemd. Dette gjeld reglar som har betydning for den interne organiseringa av verksemda og reglar for verksemda sitt forhold til kundar, andre kreditorar og offentlege myndigheter.

Innhald: Rettskilder og juridisk metode. Kontraktsrett derav avtalerett og kjøpsrett. Økonomiske forhold mellom ektefellar/sambuere med hovudvekt på reglane som har betydning for ektefellane/sambuere sine kreditorar. Offentleg rett med hovudvekt på organiseringa av forvaltninga, forvaltningsloven og offentlegheitsloven. Pengekravsrett. Panterett og rettsvernreglar. Selskapsrett med hovudvekt på aksjelova og selskapslova og fellesreglar om selskap. Insolvensjuss med hovudvekt på enkeltforfølging med inkasso og tvangsfullbyrding. Det vert og lagt vekt på fellesforfølging med hovudvekt på gjeldsforhandling og konkurs. Økonomisk kriminalitet

Organisering og arbeidsformer: Føreløsingar og gruppearbeid. Det vert forutsett at studentane dannar grupper for fagleg aktivitet.

Forkunnskapar: Ingen.

Obligatoriske krav som må vere godkjent før ein kan avlegge eksamen: 2 obligatoriske oppgåver som må vere godkjente for å få gå opp til eksamen og 1 frivillig oppgåve kvart semester.

Vurdering: Nasjonal eksamen i Rettslære til revisoreksamen. Individuell skriftleg eksamen i 6 timar.

Karakterkrav for bevilling som registrert revisor vert fastsett av Kredittilsynet. Studentar som tidlegare har tatt eksamen i Rettslære 1 får annullert eksamensresultatet i dette emnet.

Fagleg ansvar: Avdeling for økonomi, samfunnsfag og informatikk.

3SJ325 Arbeidsrett

Studiepoeng: 5

Semester: Vår

Språk: Norsk

Læringsmål: Studentane skal ha tileigna seg kunnskap om rettsreglane i den individuelle arbeidsretten, dvs. forholdet mellom den enkelte arbeidsgivar og den enkelte arbeidstakar. I tillegg skal dei ha tileigna seg kunnskapar om rettsreglane om arbeidslivet sine organisasjonar og forholda mellom ei fagforeining og arbeidsgivar/arbeidsgivarforeining.

Innhald: Emnet omfattar tilsetjing, arbeidsgivar sin styringsrett og lydighetsplikta til arbeidstakar , medbesteming, lønn, arbeidstid, ferie, arbeidsmiljø, permisjon og permittering, oppseiing, avskjed og overføring av verksemd. I tillegg omfattar studiet handheving, tilsyn, organisasjonane, tariffavtalar og kollektive arbeidstvistar.

Organisering og arbeidsformer: Forelesingar og gruppearbeid

Forkunnskapar: Ingen.

Obligatoriske krav som må vere godkjent før ein kan avlegge eksamen: Det vil bli gitt obligatoriske oppgåver i løpet av emnet. Oppgåvene må vere godkjent for å kunne gå opp til eksamen.

Vurdering: Skriftlig, individuell eksamen i fire timar. Hjelpemidlar: Noregs lovar.

Fagleg ansvar: Avdeling for økonomi, samfunnsfag og informatikk

3ØJ552 Skatterett til revisoreksamen

Studiepoeng: 20

Semester: Vår, haust og vår

Språk: Norsk

Læringsmål: Studentane skal ha tileigna seg ein god forståing av reglane om formues- og inntektsbeskatninga, og skal kunne praktisere reglane både i og utanfor næringsforhold, inklusive utfylling av likningspapir. Dei skal ha opparbeida seg kompetanse på innføringsnivå i grunnprisnipa i skatteretten, herunder lovforståing, bruk av lova og bruk av rettskilda, likningsforvaltningsrett, skattebetaling og skatteinnfordring og avgiftsretten.

Innhald: Innføring i næringsbeskatning, med særleg vekt på forskjellar frå personbeskatning.

Alminneleg inntekt i næringsverksemd, tidsfesting av inntekter og kostnader, herunder forskjellar til regnskapsloven sine reglar. Særreglar i tilknytning til aksjeselskap og aksjonærar, og deltakerliknande selskap. Personinntekt i næring, herunder føretaksmodellen. Omstrukturering, overdraging av verksemdar og generasjonsskifte, herunder skattefrie ordningar og samanlikning av forskjellige selskapsformer og alternativ gjennomføringsform, skattlegging av selskap og selskapsdeltaker. Meirverdiavgiftssystemet herunder avgiftsplikta sitt omfang, (avgiftsområdet) og moglegheita for frivillig avgiftsregistrering, avgiftsgrunnlaget og særskilde fritak for utgåande meirverdiavgift og særskilde avgrensingar i frådragsretten for inngåande meirverdiavgift. Arveavgift. herunder avgiftsplikta sitt omfang og arveavgiftsgrunnlaget, med særleg vekt på generasjonsskifte i næring.

Organisering og arbeidsformer: Forelesingar og gruppearbeid. Det vert forutsett at studentane dannar grupper for fagleg aktivitet.

Forkunnskapar: Ingen.

Obligatoriske krav som må vere godkjent før ein kan avlegge eksamen: Ingen.

Vurdering: Nasjonal eksamen i Skatterett til revisoreksamen, 6 timer skriftleg, individuell eksamen.

Karakterkrav for bevilling som registrert revisor vert fastsett av Kredittilsynet. Studentar som tidligare har tatt eksamen i Skatterett 1 får annullert eksamensresultatet i dette emnet.

Fagleg ansvar: Avdeling for økonomi, samfunnsfag og informatikk.

3ØR300 Bransjekunnskap

Studiepoeng: 15

Semester: Haust/Vår

Språk: Norsk

Læringsmål: Studentane skal ha tileigna seg grunnleggande kunnskapar om rekneskapsførerbransjen sine rammevilkår og dessutan opparbeide seg kompetanse i dei praktiske gjeremål på eit regnskapskontor.

Innhald: Det vil bli gitt ein grundig innføring i dei praktiske gjeremål i rekneskapsførerbransjen.

Foruten lovverket og dei rekneskapsfører- og rekneskapsføringsstandardar som bransjen har satt, vil

rekneskapssystemet sine oppgaver og målsettingar bli gjennomgått. Med tanke på rådgivningsverksemd og eigen verksemd vil lovverket som berører personell bli gjennomgått. Rekneskapsføraren sitt ansvar vedr. kvitvasking av pengar høyrer også med. I forbindelse med årsavslutningar vil og ansvaret og oppgaver til styret bli gjennomgått Det vil bli lagt stor vekt på praktisk bruk av eit rekneskapsprogram med tilhørande bokføring og avstemmingar.

Organisering og arbeidsformer: Forelesingar med praktiske eksemplar frå eit rekneskapskontor.

Forkunnskapar: Ingen

Obligatoriske krav som må vere godkjent før ein kan avlegge eksamen: Ein obligatorisk oppgåve/case.

Vurdering: Ei veke med individuell heimeeksamen.

Fagleg ansvar: Avdeling for økonomi, samfunnsfag og informatikk.

3ØR252 Regnskapsteori

Studiepoeng: 5

Semester: Haust

Språk: Norsk

Læringsmål: Studenten skal ha tileigna seg ein forståing for det teoretiske fundamentet for kva det i vidaste forstand inneberer å avlegge eit rekneskap. Studenten skal ha tileigna seg kunnskapar på fordjupningsnivå i dei teoriar som ligg bak rettstilstanden på området.

Innhald: Stoffet er delt i to avskilte delar: 1.Gjennomgang av dei grunnleggjande forhold som kjenneteiknar eit rekneskap som system. 2.grunngevingar og strukturer i arbeidet med å etablere ein rettstilstand på rekneskapsområdet.

Organisering og arbeidsformer: Forelesingar og ulike studentaktivitetar. Det vert venta at studentane dannar grupper for fagleg aktivitet.

Forkunnskapar: Ingen.

Obligatoriske krav som må vere godkjent før ein kan avlegge eksamen: Ingen.

Vurdering: Individuell skriftleg eksamen i fire timar.

Fagleg ansvar: Avdeling for økonomi, samfunnsfag og informatikk.

3ØR302 Regnskapsorganisasjon

Studiepoeng: 5

Semester: Vår

Språk: Norsk

Læringsmål: Studentane skal ha tileigna seg ein oversikt over rekneskapet sin plass i planleggings- og styringssystem til verksemda og dessutan norske lover og regler for formelle krav til rekneskapsføring. Studentane skal i tillegg ha opparbeida seg forståing for viktigheita av gode kontrollrutinar og effektivitet i alle ledd i ei verksemd.

Innhald: Det vert lagt vekt på formelle krav til rekneskapsorganisering, praktisk rekneskapsarbeid, oppbygging av IT-basera rekneskapssystem, rekneskapets kvalitetskrav, risikovurdering og intern kontroll knytta til rekneskapssystem.

Organisering og arbeidsformer: Forelesingar og oppgåveløysning

Forkunnskapar: 3ØR136 Grunnleggande rekneskap eller tilsvarande.

Obligatoriske krav som må vere godkjent før ein kan avlegge eksamen: Ingen.

Vurdering: Individuell skriftleg eksamen i fire timar.

Fagleg ansvar: Avdeling for økonomi, samfunnsfag og informatikk

3ØR452 Finansregnskap med årsoppgjør

Studiepoeng: 5

Semester: Vår

Språk: Norsk

Læringsmål: Studentane skal ha tileigna seg ein grunnleggande innsikt i finansregnskapet si oppbygning og rammevilkår, og forståing for og nødvendige kunnskapar i å behandle sentrale

rekneskapsmessige måleproblem, utarbeide kontantstrømoppstilling og foreta rekneskapsanalyse. De skal og få ei innføring i verdivurdering av selskap.

Innhald: Det vert lagt vekt på forståing og evne til sjølvstendig vurdering av rekneskapsinformasjon, og dessutan avslutning av årsrekneskapen. I tillegg vil foretaksintegrasjon verte vektlagt. Faglege element som vert dekkja: Krav til rekneskapet, rekneskapet som informasjonskilde, oppstillingsplanen for rekneskapet, rekneskapsprinsipp og god rekneskapsskikk, lovar og reglar knytta til verdsetjing av eigendelar og gjeld, inntekter og kostnader, kontantstrømoppstillinga, samanhengen mellom rekneskap og skatt, rekneskapsanalyse og nøkkeltallsanalyse av lønnsomheit, likviditet, finansiering og soliditet, miljørekneskap, internasjonal rekneskapsrapportering.

Organisering og arbeidsformer: Forelesingar og gruppearbeid.

Forkunnskapar: 3ØR136 Grunnleggande rekneskap eller tilsvarande.

Obligatoriske krav som må vere godkjent før ein kan avlegge eksamen: Ingen.

Vurdering: Individuell skriftleg eksamen i fire timar.

Fagleg ansvar: Avdeling for økonomi, samfunnsfag og informatikk.

3ØR215 Etikk

Studiepoeng: 5

Semester: Haust

Språk: Norsk

Læringsmål: Studentane skal ha opparbeida seg ei forståing av etiske utfordringar i forretningslivet og ha lært å handtere desse. Vidare skal studentane ha opparbeida seg ein kompetanse slik at dei vil vere i stand til å utvikle retningslinjer og verktøy i organisasjonen sitt arbeid med etikk

Innhald: Emnet tar opp teoriar om etikk og visar til situasjonar/område i forretningslivet som krev etisk korrekt handling. Bl.a. vert det tatt opp tema som smøring og korrupsjon, etikk og kundebehandling, utvikling av retningslinjer og prosessar i forhold til Corporate Social Responsibility.

Organisering og arbeidsformer: Forelesingar, gruppearbeid og diskusjonar.

Forkunnskapar: Ingen.

Obligatoriske krav som må vere godkjent før ein kan avlegge eksamen: Ingen.

Vurdering: Skriftlig, individuell eksamen i fire timar.

Fagleg ansvar: Avdeling for økonomi, samfunnsfag og informatikk.